

Tore Andre Frugård
Hovedgården 38 A
5307 ASK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2 - 20/4095

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no


Dato:
14.07.2020

Varsel om pålegg om opphør av bruk av terrasse og varsel om pålegg om sikring. Varsel om tvangsmulkt.

Bilde 2 er teke laurdag 11. juli 2020. Bilde 1 er teke mandag 13. juli 2020.

Bilde 2 syner minimum 12 ungdomar på ein terrasse utan rekkverk.

Begge bilda syner del av Fabrikk nr. 8 på gnr. 169, bnr. 47.



Terrassen er på ein del av bygget det ikkje ligg føre løyve til bruksendring eller byggeløyve for. Terrassen er utan rekkverk. Kven som helst kan gå opp på terrassen via utvendige trapper.

Etter § 32-2 i plan- og bygningslova er det krav om varsel før det vert gjeve pålegg om opphør av bruk og sikring i samsvar med § 32-3 i plan- og bygningslova og tvangsmulkt i samsvar med § 32-5 i plan- og bygningslova.

Dette brevet er eit førehandsvarsel om pålegg om opphør av bruk av terrassen, pålegg om sikring av terrassen og tvangsmulkt om bruken ikkje tek slutt eller terrassen ikkje vert sikra.

Eit vedtak vil vera slik :

Fedje kommune gjev pålegg om at bruken av terrasse på gnr. 169, bnr. 47 opphører og vert sikra(sjå bilde). Lovheimel : § 32-3 (pålegg).

Dersom bruken av terrasse på gnr. 169, bnr. 47 ikkje opphører, gjer Fedje kommune vedtak om tvangsmulkt på 500 kr pr kalenderdag frå 17. august 2020. Lovheimel : § 32-5 (tvangsmulkt).

Dersom terrassen på gnr. 169, bnr. 47 ikkje vert sikra, gjer Fedje kommune vedtak om tvangsmulkt på 500 kr pr kalenderdag frå 17. august 2020. Lovheimel : § 32-5 (tvangsmulkt).

Frist for å koma med uttale til eit vedtak som står med utheva skrift over, er 10. august 2020.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Andre Frugård

Hovedgården 38 A 5307

ASK